



HELLEBAKKEN 45  
5039 BERGEN  
TELEFON: 55 39 29 50  
FAKS: 55 39 29 59  
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO  
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Lindås kommune  
Byggjesaksavdelinga  
Kvernhusmyrane 20,  
5914 ISDALSTØ

Vår ref.: 04-11/16-LET

Dykkar ref.: 16/2989 – 16/26167

Dato: 23.11.2016

## **HØYRINGSUTTALE ANG. SØKNAD OM DISPENSASJON OG SØKNAD OM TILTAK, GNR 141 BNR 111 – DISPENSASJON TIL BÅTPLASS PÅ FLYTEBRYGGJE OG TIL STØYPING AV PLATE FORAN NAUST**

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) forvaltar Kvamsvågen friluftsområde på vegne av Lindås kommune (grunneigar). Høyringsuttalen er ein administrativ uttale ang. friluftsføremåla. Uttalen tek utgangspunkt i at makeskiftet er akseptert og gjennomført av Lindås kommune, som grunneigar.

*Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som har til oppgåve å sikre, tilretteleggje, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområder i Bergensregionen. Rådet, som vart etablert i 1937, har totalt 17 medlemskommunar: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Osterøy, Kvam, Radøy, Sund, Tysnes, Samnanger, Vaksdal og Øygarden. Rådet forvaltar nærare 230 friluftsområder med eit samla areal på over 36.000 dekar. Friluftsrådet vert leia av eit styre med representantar frå medlemskommunane.*

BOF vil poengtere at sjølv om tiltaka i seg sjølv kan ha ein viss negativ effekt på friluftsføremåla, så er det etter vår vurdering ein klar positiv heilskapleg påverknad for friluftsområdet, med det faktum at makeskiftet vil føre til ein stor betring i tilkomst (både i høve til parkeringsareal og universell tilkomst). BOF vurderer i dette tilfellet fordelane som klart større enn ulempene.

Med venleg helsing  
Bergen og Omland Friluftsråd

Åge A. Landro  
Administrativ leiar

Oddmund Dingen  
Driftssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*